



HAREID KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Melshorn Hotell
Dato: 23.05.2019
Tid: Kl. 18:00

Medlemmar som møtte	Representerer	Funksjon
Hege Holstad	AP	medlem
Ragnhild Nedrelid	AP	medlem
Kristian Fuglseth	FOHA	varaordfører
Jeanette Teigene	FRP	medlem
Kjartan Grimstad	FRP	medlem
May Britt Ertesvåg	FRP	medlem
Anders Riise (p)	H	ordfører
Berte Holstad Engen	H	medlem
Ottar Røyset	H	medlem
Wenche J. H. Jøsok	H	medlem
Marit Øien Sæverud	KrF	medlem
Annika Brandal	V	medlem
Jenny Helen Korsnes	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Stian Runne Brandal	AP	Ingvild Åkervik	AP
Bernt Brandal	FOHA	Ivar Karl Liaset	FOHA
Kjetil Nasset	FOHA	Arild Overå	FOHA
Ranja Dimmen Alme	FOHA	Annika Hove	FOHA
Ingebjørn Grimstad	FRP	Jens Peder Brandal	FRP
Oskar Grimstad	FRP	Eldar Geir Bjåstad	FRP
Ole Frank Bakken	H	Turid Lise Ambjørnsen	H
Leidulv Hareide	KrF	Olav Helt Brubakk	UAV

Møtenotater:

20 voterande ved møtestart.

Berte Holstad Engen kom til møte under handsaminga av 38/19.

21 voterande

Møte avslutta kl 1915.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
28/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/11
29/19	Godkjenning av protokoll	19/11
38/19	Avhending av Brandal fiskerihavn	19/878
30/19	Orienteringar	19/11
31/19	Referatsaker	19/11
32/19	Innbyggarsak - Hundepark i Geilane	19/9
33/19	Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Hareid kommune	19/10
35/19	Nyval i samband med at Truls Håbakk trer endeleg ut av folkevalde organ	19/8
36/19	Helseplattforma. Prosjektorganisasjon	19/936
37/19	Val av representantar til Ungdomsrådet (politikarar)	19/1089
34/19	Interpellasjon frå Annika Brandal og Jenny Helen Korsnes om å nytte barnetråkk i planarbeid	19/1013

Hareid, 28.05.2019

Anders Riise

28/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista, med tillegg av sak 38/19, vart godkjende utan merknad.

Behandling:

Spørsmål:

Frå **Wenche Jøsok, Høgre**, om effektiviseringsutvalet.

Ordførar og rådmann svarte.

Frå **Kristian Fuglseth, Folkelista**, stilte spørsmål om meirforbruk og tekstforslaga i handlingsplanen.

Rådmannen svarte.

Frå **Annika Brandal, Venstre**, om breibandsutbygginga i Hareid kommune.

Rådmannen svarte.

Ekstra sak: Avhending av Brandal fiskerihamn kom til i møtet etter å ha vore handsama i formannskapet.

29/19 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Vart godkjend utan merknad.

Behandling:

38/19 Avhending av Brandal fiskerihamn

Vedtak:

Hareid kommune nyttar forkjøpsretten i samband med Kystverket sitt sal av Brandal fiskerihamn.

Kommunestyret ber Rådmannen om å forhandla fram ein avtale med Brandal båtlag om leige og bruk av hamna. Ein legg til grunn at drifta av hamna skal vere sjølvfinansierande. Rådmannen vert gjeve mynde til å signere ein avtale med Brandal båtlag om leige og bruk av hamna.

Kjøpesummen på kr 200 000 skal finansierast med låneopptak og takast med i første mulege budsjettrevisjon.

Behandling:

Samrøystes for formannskapet si tilråding.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommune nyttar forkjøpsretten i samband med Kystverket sitt sal av Brandal fiskerihamn.

Kommunestyret ber Rådmannen om å forhandla fram ein avtale med Brandal båtlag om leige og bruk av hamna. Ein legg til grunn at drifta av hamna skal vere sjølvfinansierande. Rådmannen vert gjeve mynde til å signere ein avtale med Brandal båtlag om leige og bruk av hamna.

Kjøpesummen på kr 200 000 skal finansierast med låneopptak og takast med i første mulege budsjettrevisjon.

30/19 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

31/19 Referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitende.

Behandling:

32/19

Innbyggarsak - Hundepark i Geilane

Vedtak:

Hareid kommunestyre er positive til innbyggjarframlegget frå Runa Mork om hundepark, og bed administrasjonen greie ut ei sak om eit eigna areal for hundepark i kommunen som ikkje er i konflikt med bustad-, natur- eller friluftsområde

Behandling:

Fellesframlegg frå Folkelista, Venstre og Høgre, foreslått av Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune

Hareid kommunestyre er positive til innbyggjarframlegget frå Runa Mork om hundepark, og bed administrasjonen greie ut ei sak om eit eigna areal for hundepark i kommunen som ikkje er i konflikt med bustad-, natur- eller friluftsområde.

Justert fellesframlegg utan "regulering", foreslått av Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune

Hareid kommunestyre er positive til innbyggjarframlegget frå Runa Mork om hundepark, og bed administrasjonen greie ut ei sak om eit eigna areal for hundepark i kommunen som ikkje er i konflikt med bustad-, natur- eller friluftsområde

Det blei røysta over rådmannen sitt forslag opp mot fellesforslaget.

Det justerte fellesframlegget blei samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret er positiv til innbyggjarforslaget frå Runa Mork Røyset om hundepark i Geilane. Kommunestyret ber administrasjonen om å greie ut saka og legge ho fram for kommunestyret til hausten. Dersom arealet som er nemnt i forslaget viser seg ikkje å vere eigna for hundepark, ber kommunestyret administrasjonen om å sjå etter alternative plasseringar.

Eller

2. Kommunestyret takkar for innbyggjarforslaget frå Runa Mork Røyset om hundepark i Geilane, men ønsker ikkje å gå vidare med dette forslaget.

33/19 Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Hareid kommune

Vedtak:

Hareid kommunestyre tek kartlegginga og verdsettinga av friluftsområde i Hareid kommune til vitande, og ber om at ikkje-kvalifisert område vert verdisett. Hareid kommunestyre viser elles til øyas idrettslag sine turkart som syner at det meste av fjell og utmarksområder på øya blir brukt som tur/rekreasjonsområde og er derfor svært verdfulle som turområder.

Behandling:

Tilråding frå formannskapet 06.05.19, foreslått av ,

Hareid kommunestyre tek kartlegginga og verdsettinga av friluftsområde i Hareid kommune til vitande, og ber om at ikkje-kvalifisert område vert verdisett. Hareid kommunestyre viser elles til øyas idrettslag sine turkart som syner at det meste av fjell og utmarksområder på øya blir brukt som tur/rekreasjonsområde og er derfor svært verdfulle som turområder.

Tilråding frå formannskapet samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre tek kartlegginga og verdsettinga av friluftsområde i Hareid kommune til vitande.

35/19 Nyval i samband med at Truls Håbakk trer endeleg ut av folkevalde organ

Vedtak:

Truls Håbakk (Frp) er ikkje lenger valbar og har trådd endeleg ut av dei folkevalde organa han var vald inn i.

- Kommunestyret
 - 1. vara Kjartan Grimstad rykker opp og blir fast medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel følgande nye (vara)medlemmar til å erstatte Håbakk:

- Formannskapet:
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny fast representant i formannskapet
- Valstyret:
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny fast representant i valstyret
- Valnemnda:
 - Kommunestyret vel Jeanette Teigene som ny fast representant i valnemnda. Oskar Grimstad går inn som vara for Jeanette Teigene.
- Administrasjonsutvalet (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 2. vara til administrasjonsutvalet
- Forhandlingsutvalet (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 2. vara til forhandlingsutvalet.
- Utsending KS (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 3. vara for utsending til KS.
- Samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule:
 - Kommunestyret vel Øyvind Grimstad som ny fast medlem i samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule.

Behandling:

Tilrådinga frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding:

Truls Håbakk (Frp) er ikkje lenger valbar og har trådd endeleg ut av dei folkevalde organa han var vald inn i.

- Kommunestyret
 - 1. vara Kjartan Grimstad rykker opp og blir fast medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel følgande nye (vara)medlemmar til å erstatte Håbakk:

- Formannskapet:
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny fast representant i formannskapet
- Valstyret:
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny fast representant i valstyret

- Valnemnda:
 - Kommunestyret vel Jeanette Teigene som ny fast representant i valnemnda. Oskar Grimstad går inn som vara for Jeanette Teigene.
- Administrasjonsutvalet (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 2. vara til administrasjonsutvalet
- Forhandlingsutvalet (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 2. vara til forhandlingsutvalet.
- Utsending KS (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 3. vara for utsending til KS.
- Samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule:
 - Kommunestyret vel Øyvind Grimstad som ny fast medlem i samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule.

36/19 Helseplattforma. Prosjektorganisasjon

Vedtak:

1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta større medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet blei samrøystes vedteke.

1. Formannskapet si tilråding:

- Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta større medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

37/19 Val av representantar til Ungdomsrådet (politikarar)

Vedtak:

Valnemnda tilrår at kommunestyret vel følgande medlemmer som dei politiske representantane i Ungdomsrådet:

Faste medleamar:

Jenny Helen Korsnes

Ole Frank Bakken

Varamedleamar:

Erlend Grotle

Jeanette Teigene

Behandling:

Tilrådinga frå valnemnda samrøystes vedteke.

Valnemnda si tilråding:

Valnemnda tilrår at kommunestyret vel følgande medlemmer som dei politiske representantane i Ungdomsrådet:

Faste medleamar:

Jenny Helen Korsnes

Ole Frank Bakken

Varamedleamar:

Erlend Grotle

Jeanette Teigene

34/19 Interpellasjon frå Annika Brandal og Jenny Helen Korsnes om å nytte barnetråkk i planarbeid

Vedtak:

Saka blir sendt over til administrasjonen for vidare arbeid.

Behandling:

Samrøystes vedteke.